



Behovsvurdering Alversund fleirbruksstasjon, basishall og nærmiljøanlegg

Anleggsnummer; 51401, 72118, 75690, 75691, 75692, 75686, 75819.

Prosjektet Alversund fleirbruksstasjon og basishall står på tredje plass i handlingsprogrammet i Lindås kommune sin kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Midlar til å gjennomføra prosjektet er vedtatt i kommunen sin økonomiplan.

Hallen vert samlokalisert med ny Alversund barneskule, og nærmiljøanlegga inngår i uteområdet rundt skulen og hallen.

Alversund er den mest folkerike krinsen i Lindås kommune med over 4000 innbyggjarar. Dagens Alversund barneskule har over 350 elevar. Ny skule vert dimmensionert for 450 elevar. Totalt bur det 10 000 menneske innanfor 5 minutt kjøring. Overordna kommuneplan legg opp til jamn auke i folketalet i krinsen i åra framover. Idrettslaget Alvidra er eit av dei største i Nordhordland, med blant anna eit aktivt miljø innan turn. Den nye fleirbruksstasjonen vil betena alle vanlege hallidrettar. I tillegg vil hallen gje kjærkome areal for barnefotball som per i dag berre har ei sjuarbane i krinsen. Anlegget vil såleis gje eit løft for Alvidra IL. Fleirbruksstasjonen vil vidare kunna fungera som eit kulturhus for ei bygd som per i dag manglar tilstrekkeleg stort forsamlingslokale.

Alversund ligg berre om lag 5 minutt kjøring frå regionsenteret Knarvik, slik at basishallen for turn vil fungera som eit hovudanlegg for turn i Nordhordland i åra framover.

Nærmiljøanlegga utandørs vil fungera både som leikeareal for barneskulen og aktivitets/tur-område for barn og barnefamiliar på kveld og helg. Heile anlegget ligg plassert mellom Hilland og Alvermarka/Ikenberget som er to av dei største byggjefelta i regionen.

Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt, Lindås kommune